

**Fra:** Thomas Terje Manger <Terje.Manger@uib.no>  
**Sendt:** lørdag 20. mars 2021 16:58  
**Til:** Postmottak Alver  
**Emne:** Farleg løe, Manger øvre

Alver kommune  
Postmottak

**Vedkomande gnr. 46/13, Manger øvre.**

På denne garden har det i mange år stått ei løe til nedfalls. Under sterk vind har det gjennom åra fleire gonger blese takplater og anna bygningsmateriale inn på nabotomter og i bilvegen nær ved, seinast i februar/mars dette året.

Som eigar av gnr. 46/14 er eg nabo til gnr. 46/13. Vi er mange som er opptatt av at løa representerer ein risiko for skade, særleg for dei som køyrer eller går på vegen under sterk vind. Den opne løa er i tillegg direkte farleg for born som kan koma på å gå inn der. Det er fleire år sidan det budde folk i våningshuset på garden. Dette huset har også store skader, mellom anna på inngangsdør og vindauge.

Saka er nok kjent frå tidlegare Radøy kommune. Sjølv har eg aldri tidlegare vendt meg til kommunen om løa, men gjer det no av omsyn til tryggleiken i området. Kva har Alver kommune tenkt å gjera med saka?

På førehand takk for raskt svar!

Beste helsing

Terje Manger